

Sakshandsamar:Frode Kristian Grøttebø, tenesteleiar

Sak nr.: 2023/7238 – 1

**Saksgang**

---

Saksnummer	Møtedato	Utval
	07.02.2024	Utval for levekår
	08.02.2024	Formannskapet

**Skulekretsar for Sogndal kommune**

**Kommunedirektøren rår utval for levekår til å gje slik tilråding:  
Utval for levekår rår formannskapet til å gjere slikt vedtak:**

1. Formannskapet sender på høyring framlegg nye kretsgrenser for skulane i Sogndal kommune.
2. Framlegg til nye skulekretsgrenser for Sogndal kommune

Skulekretsar i Sogndal kommune	Skular
1. Balestrand	– Sagatun skule – Fjordtun oppvekstsenter
2. Leikanger	– Leikanger barneskule – Leikanger ungdomsskule
3. Sogndal	– Trudvang skule – Kvåle skule – Norane oppvekstsenter – Fjærland oppvekstsenter
4. Kaupanger	– Kaupanger skule

**Vedlegg:**

1

Kretser\_Sogndal

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### 1. Bakgrunn for saka

#### Historikk - tidlegare vedtak

Kommunestyret handsama i møte 28.10.2021 sak 86/21- Framtidige skuleløysingar for Sogndal kommune og gjorde følgjande vedtak:

#### 1. *Skuleslaga skal følgje ordinær inndeling for grunnskulen*

- *Leikanger ungdomsskule 8-10 frå hausten 2022*
- *Leikanger barneskule 1-7 frå hausten 2022*
- *Kvåle skule vert 8-10 skule når ny barneskule i Sogndal sentrum vert teken i bruk*
- *Fjordtun oppvekstsenter held fram som 1-4 skule*

#### Skulekrets

Opplæringslova § 8-1 Skolen, 1. ledd

*“Grunnskoleelevane har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til”.*

Dei fleste kommunane er inndelte i skulekrets, men det er valfritt. Ein skulekrets er eit område der innbyggjarane skal sokna til ein spesiell skule på barne - og /eller ungdomstrinnet.

Utdanningsdirektoratet skriv på sine nettsider:

«Skulekretsgrenser gir oversikt over hvilke områder i kommunen som sogner til hvilke skoler. Dette gir forutberegnelighet for kommunens innbyggere. For foreldre og elever anses dette å være særlig viktig. Loven gir altså kommunen rett til å velge om den vil benytte sin lovbestemte adgang til å utarbeide forskrifter om skulekretsgrenser.»

(Utdanningsdirektoratet 2012)

Ein del kommunar har gått over til flytande skulekretsar. Det vil seia at ny inndeling blir vedteken for kvart nye kull ved skulestart, så ein sikrar betre fordeling av talet på barn som byrjar på kvar skule. Skulekretsane er eigde og blir forvalta av kommunen, og ligg i kommunal tilleggsdel i matrikkelen (eigedomsregisteret). Det er derfor valfritt for kommunen å leggja inn skulekretsinformasjon i matrikkelen.

Kommunestyret gjer vedtak om endringar i nummer eller inndeling.

Grunnkretsgrensene bør liggja til grunn, men dette er ikkje noko krav. Det er vanleg at fleire grunnkrinsar utgjer ein skulekrets.

Sogndal kommune har ikkje vedteke kommunal forskrift om skulekretsgrenser. Dei gamle kommunane sine vedtak/sedvane vart vidareført.

Frå matrikkelen (vedlegg 1) kjem skulekretsgrensene i Sogndal kommune fram slik:

<b>Skulekretsar i Sogndal Kommune</b>
1. Sagatun
2. Fjordtun
3. Leikanger
4. Norane
5. Trudvang
6. Fjærland
7. Kaupanger

### Barnetalsutvikling

Tabellen under syner prognose for skulestartarar i Sogndal kommune dei kommande 6 åra per januar 24.

<b>Fødselsår</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>
	Skulestart -24	skulestart -25	skulestart-26	skulestart -27	skulestart-28	skulestart-29
Sogndal sentrum/Trudvang	73	99	77	97	68	72
Ylvisåker	6	2	8	8	6	9
Fjærland	2	0	1	1	3	2
Kaupanger		22	15	32	20	26
Leikanger		24	33	20	24	21
Sogatun	7	9	7	7	6	6
Fjordtun	1	2	0	2	0	0
<b>Totalt</b>	<b>89</b>	<b>158</b>	<b>141</b>	<b>167</b>	<b>127</b>	<b>136</b>

Tabellen over syner at det er store svingingar i tal skulestartarar i dei ulike kretsane. Det er låge tal skulestartarar, bortsett frå i kretsane Kaupanger, Leikanger og Trudvang.

På bakgrunn av barnetalsutviklinga i gjeldande skulekretsane er det grunnlag for å gjere vurderingar knytt til kretsgrensene me skal ha i Sogndal kommune.

### Søknad om skulebyte

Føresette har ein individuell rett til å vurdere kva dei meiner er best for sine born. Ein søknad om skulebyte blir handsama fortløpande. Ein slik søknad må innehalde grunngeving for søknaden, borna si meining om saka og samtykke frå begge føresette. Eit vedtak om skulebyte er eit einskildvedtak og gjev klageadgang. Det er i dag fleire born i Sogndal kommune som har fått innvilga slikt vedtak og går på annan skule enn nærskulen.

### Statlege føringar

Opplæringslova § 8-1 beskriv det såkalla nærskuleprinsippet slik:

*Grunnskoleelevane har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til.*

Nærskuleprinsippet gjev eleven rett til å gå på skulen som er nærmast eller soknar til nærmiljøet dei soknar til. Andre punktum syner kommunen sin adgang til å

fastsette kommunale skulekretsgrenser. Sidan Sogndal kommune ikkje har fastsett slik forskrift held vi oss til skulekretsane i matrikkelen vidare i saka.

Framskrivningane viser svingande tal skulestartarar og stabilt låge tal elevar i einskilde kretsar. Sogndal kommune har erfaring med ønske om skulebyte grunngjeve med barnet sitt beste og ein uvisse hjå born og føresette om korleis opplæringstilbodet blir framover, særleg i skulekretsar med særsmå skular. Kommunedirektøren ser difor behov for å få sett fast prinsipp og prosess for arbeid med skulekretsar i Sogndal kommune.

### **3. Vurderingar og konsekvensar**

#### Opplæringslova § 9a

I 2017 fikk vi eit nytt regelverk om skulemiljø. Kapittel 9A i opplæringslov om trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring, skulle styrke elevane sine rettar og sørge for at saker som gjeld skulemiljø vart handtert raskare, tryggare og enklare. Dette er ein individuell rett til et trygt og godt skulemiljø, uavhengig av skuletilknytning.

Læringsmiljø er eit omgrep som omfatta faktorane i det miljøet elevane til einkvar tid er ein del av i skulen og klassen dei går i. Dei faktorane som Utdanningsdirektoratet peikar på som viktige for elevane sitt læringsmiljø er:

- klasseledelse og ledelse av undervisningsforløp
- relasjonar mellom elevar og lærere
- relasjonar og kultur for læring blant elevane
- samarbeid mellom heim og skole
- god ledelse og positiv skulekultur

#### Barnets beste og barna sin rett til å bli høyrte i vurderingar

Noreg signerte FN sin barnekonvensjon i 1990/1991 og konvensjonen vart del av norsk rett gjennom menneskerettslova i 2003, og gjev barnet sitt beste forrang i møte med t.d kolliderande lovbestemmelsar.

Det kjem fram av grunnlova § 104 at:

- *«Barn har krav på respekt for sitt menneskeverd. De har rett til å bli hørt i spørsmål som gjelder dem selv, og deres mening skal tillegges vekt i overensstemmelse med deres alder og utvikling.»*
- *«Ved handlinger og avgjørelser som berører barn, skal barnets beste være et grunnleggende hensyn»*

Vidare kjem barnet sitt beste fram i ei rekke andre lover, mellom anna forvaltningslov, barnehagelov og opplæringslova.

I ny opplæringslov, gjeldande frå 1. august 2024 blir følgjande lovfesta i § 10-1, kap. 10 *det beste for eleven, medverknad, skuledemokrati, foreldresamarbeid, skoleregler og plikt til å delta:*

*Ved handlingar og avgjerder som vedkjem elevar, skal kva som er best for eleven, vere eit grunnleggjande omsyn.*

Stasforvaltaren, FN's barnekomite (2003) og Sandberg (2016) trekk fram følgjande viktige moment i å vurdere det beste for barna:

- *barnets eget syn og meninger*
- *identiteten, karaktertrekka og egenskapene til barnet*
- *familjemiljø og nære relasjonar*
- *barnet sin rett til vern, omsorg og trygghet*
- *sårbarheten til barnet*
- *barnets rett til liv og utvikling.*
- *den fysiske og psykiske helsen til barnet*
- *retten barnet har til utdanning, helsehjelp, etc.*

I vurderingane er det aktuelt å hente inn synspunkt frå:

- *Barnet selv og andre barn*
- *Foreldrene og andre nærstående*
- *Andre som kjenner barnet*
- *Fagfolk*

I vurderinga av kva grad barnets syn i barnets beste vurderingar skal leggast vekt på bør ein ta utgangspunkt i følgjande moment:

- *barnets alder og modenhet*
- *styrken av barnets ønske*
- *om dette er et ønske barnet har holdt fast ved over lengre tid*
- *hvilken type spørsmål det gjelder*
- *om barnet har forståelse for konsekvensene av sitt ønske*
- *styrken av de momentene som eventuelt taler mot å følge barnets syn*

I vurderinga av barnets beste må dei ulike momenta vegast mot kvarandre for å konkludere med kva som er vurdert som barnets beste.

### Skuleskyss

Elevar sin rett til skuleskyss er regulert i opplæringslova kapittel 7, § 7-1:

*Elevar i 2.-10. årstrinn som bur meir enn fire kilometer frå skolen har rett til gratis skyss. For elevar i 1. årstrinn er skyssgrensa to kilometer. Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skoleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda.*

*Når det er nødvendig, har elevar rett til gratis båttransport utan omsyn til reiselengda.*

Vidare kjem ansvaret for skuleskyss fram i opplæringslova § 13-4:

*Kommunen er ansvarleg for skyss av grunnskoleelevar og vaksne som har rett til skyss på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skoleveg. Kommunen skal*

*oppfylle retten til reisefølgje og tilsyn for grunnskoleelevar og vaksne. Elles er fylkeskommunen ansvarleg for skyss, reisefølgje og tilsyn etter reglane i kapittel 7*

Det er ikkje sett maksimale reisetider for skuleskyss i lovverket og elevane må akseptere ei viss reisetid i samband med skuleskyssen.

Skyss sine rettleiande rammer for samla reisetid (gangtid, ventetid og tid med transportmiddel) er:

- Omlag 45 min for 1.-4. årstrinn
- Omlag 60 min for 5.-7. årstrinn
- Omlag 75 min for 8.-10. årstrinn

Det er føresette sjølv som har ansvar for å bringe borna til og frå barnehagen.

#### Rettslege vurderingar og omsyn

Slik det kjem fram av grunnlova § 104 og ny opplæringslov § 10-1 skal barnet sitt beste tilleggast grunnleggjande omsyn.

Barnets beste kan vurderast på individnivå, men sidan denne saka omhandlar fleire born er det meir naturleg å vurdere barnets beste på eit systemnivå.

Moment	Vurdering
Barnets eget syn og meninger	Kommunedirektøren vurderer at barnet sine syn og meningar i stor grad må komme fram gjennom høyringsinnspel via føresette.
Identiteten, karaktertrekka og eigenskapane til barnet	Born er ulike og vil profiterer ulikt på miljøet dei får opplæringa si i. Nokre vil kunne utvikle seg godt i små miljø, medan andre vi profitere på større miljø. I denne saka må ei vurdering av barnets beste gjerast i systemperspektiv og ikkje knytt til kvart einskild born. Det enkelte born sin identitet, karaktertrekk og eigenskapar skal etter opplæringslova takast i vare uavhengig av kva skule eleven går på.  Kommunedirektøren vurderer at det ikkje er forhold som gjer at dette momentet blir teke betre i vare på små skular enn det kan gjerast på større einingar.
Familiemiljø og nære relasjonar	Kommundirektøren vurderer at familiemiljø og nære relasjonar kan takast godt i vare på alle skular. Dette momentet er meir relevant i saker der barna sitt beste blir vurdert i individperspektiv.

<p>Barnet sin rett til vern, omsorg og trygghet</p>	<p>Kommunedirektøren vurderer at barna sin rett til vern, omsorg og tryggleik kan takast i vare på alle skular.</p> <p>Rett til skuleskyss er regulert i opplæringslova § 7-1. Alle elevar som dag rett på skuleskyss, har skuleskyss. Elevane sin rett til skuleskyss vil gjelde om forskrift om skulekretsar vert vedteken og krava til forsvarleg skuleskyss vil vere like.</p>
<p>Er barnet særleg sårbart</p>	<p>Sårbarheten til einskildebarn skal takast i vare uavhengig av skulekrets. Vurderingar knytt til einskildebarn ser vi ikkje som relevante, sidan barnets beste vurderinga i denne saka er på systemnivå.</p>
<p>Den fysiske og psykiske helsa til barnet</p>	<p>Den fysiske og psykiske helsa til borna blir til i eit sosialt miljø. Folkehelse og livsmeistring er eit tverrfagleg tema i skulen som skal gje elevane kompetanse for å skape god psykisk og fysisk helse, og som gjev dei grunnlag til å ta ansvarlege val i livet. Læreplanverket er uavhengig av skule.</p>
<p>Retten barnet har til utdanning, helsehjelp m.m Barnets rett til liv og utvikling.</p>	<p>Fagleg og sosial læring kan ikkje isolerast frå kvarandre. Læreplanen peikar, særleg i overordna del og formålsparagrafen, på verdien av at borna er, og lærer seg å bli ein del av samfunnet. Dette har stor innverknad på opplæringa sin kvalitet.</p> <p>I norsk utdanningskontekst er desse omgrepa «Danning" og "Utdanning" ofte brukt for å understreka at skulen har ein dobbel funksjon: ikkje berre å formidla kunnskap (utdanning), men også å bidra til den personlege og sosiale utviklinga til elevane (danning).</p> <p>Kommunedirektøren vurderer at ein kan ta i vare begge vurderingspunkta, uavhengig av skulekrets.</p>

## Endring i elevtal

### Fjordtun oppvekstsenter

Barnehageåret 2023/24 er det 5 born i Fjordtun oppvekstsenter – barnehage.

Borna er fordelt på desse årskulla:

2018; 1 born

2019: 2 born


2021: 2 born

Det er ikkje venta inn nye born til barnehagen til barnehageåret 2024/25, då det ikkje bur born fødde 2020, 2022 og 2023 i kretsen per 04.01.24.

Det totale barnetalet for barnehageåret 2024/25 vert då på 4 born i Fjordtun barnehage dersom dei borna søker seg til Fjordtun barnehage.

Fjordtun oppvekstsenter- skule er ein fådelt 1-4. skule, der det er elevar frå fleire årstrinn som får opplæring i same gruppe innanfor læreplan for sitt trinn/nivå, men ofte tilpassa slik at gruppa jobbar med same fag og tema.

Skuleåret 2023/2024 er det 7 born som får opplæringa si ved oppvekstsenteret, medan det for skuleåret 2024/2025 vil det vere 6 born ved skulen.



Tabellen over syner forventa barnetalsutvikling i Fjordtun barnehage og forventa elevtalsutvikling ved skulen på Fjordtun oppvekstsenter. I Barnehagetala for barnehageåra 25-26 og 26-27 er det berre framskrive dei borna som kommunen no har oversyn på.

### Fjærland oppvekstsenter

Barnehageåret 2023/24 er det 7 born i Fjærland oppvekstsenter – barnehage.


Det er venta 2 nye born til barnehagen til i løpet av barnehageåret 2024/25.

Det totale barnetalet for barnehageåret 2024/25 vert då 7 born i Fjærland barnehage dersom dei borna søker seg til Fjærland barnehage.



Fjærland oppvekstsenter- skule er ein 1-7 skule, der det er elevar frå fleire årstrinn som får opplæring i same gruppe innanfor læreplan for sitt trinn/nivå, men ofte tilpassa slik at gruppa jobbar med same fag og tema.

Skuleåret 2023/2024 er det 15 born som får opplæringa si ved oppvekstsenteret, medan det for skuleåret 2024/2025 vil det vere 14 born ved skulen.



Tabellen over syner forventa barnetalsutvikling i Fjærland barnehage og forventa elevtalsutvikling ved skulen på Fjærland oppvekstsenter. I Barnehagetala for barnehageåra 25-26 og 26-27 er det berre framskrive dei borna som kommunen no har oversyn på.

### Norane oppvekstsenter


Barnehageåret 2023/24 er det 34 born i Norane oppvekstsenter – barnehage.

Det er venta inn 9 nye born til barnehagen til barnehageåret 2024/25.

Det totale barnetalet for barnehageåret 2024/25 vert då på 33 born i Norane barnehage dersom dei borna søker seg til Norane barnehage.

Norane oppvekstsenter- skule er ein 1-7 skule, der det er elevar frå fleire årstrinn som får opplæring i same gruppe innanfor læreplan for sitt trinn/nivå, men ofte tilpassa slik at gruppa jobbar med same fag og tema.

Skuleåret 2023/2024 er det 40 born som får opplæringa si ved oppvekstsenteret, medan det for skuleåret 2024/2025 vil det vere 43 born ved skulen.



Tabellen over viser forventa barnetalsutvikling i barnehagen ved Norane oppvekstsenter og forventa elevtalsutvikling ved skulen på Norane oppvekstsenter. I Barnehagetala for barnehageåra 25-26 og 26-27 er det berre framskrive dei borna som kommunen no har oversyn på.

### Vurdering av skulekretsane

Det er kommunedirektøren si vurdering at ein bør endre skulekretsane til noko større område enn i dag. Erfaringa er at ein del føresette søker om skulebyte med utgangspunkt i ei vurderinga av kva som er det beste for kvart einaste barn. I Utdanningsdirektoraret sin rettleiar om kva nærskuleprinsippet betyr for fastsetjing av skulekringsgrenser vert det peika på at elevar har rett til å gå på den næraste skulen i kommunen, og at kommunen kan fastsetja skulekringsgrenser basert på geografiske forhold.

I det nye forslaget ligg der fleire skular, som er nærskule til ulike geografiske områder. Om eleven vil gå på ein annan skule må det søkast, og det vil ikkje vere noko stor skilnad i om det blir søkt til ein skule i eller utanfor kretsen. Det er ei individuell vurdering av kvar søknad.

Kommunen har behov for å sjå på ein tenleg organisering lokalt. Dette kan ein oppnå ved å forskriftsfeste nye større kretsgrenser og ikkje halde fram med å nytte sedvane. Med dagens praksis kan ein mellom anna ikkje gjere strukturendringar grunna t.d. elevtalsnedgang eller stor grad av skulebyte om ein skulle finne dette naudsynt.

Det er viktig å sikre brei medverknad i desse prosessane – og barnet si stemme skal bli høyrd. Kommunedirektøren vil på bakgrunn av dette arbeide etter slik prosessplan våren 2024:

Aktivitet	Tidspunkt	
Sak i formannskapet	8. februar	
Utsending av høyringsbrev	22. februar	Høyringsbrev vert sendt til: FAU ved alle barnehagar og skular/oppvekstsenter i Sogndal kommune,

		arbeidstakarorganisasjonane, fylkeskommunen ved skyss, Statsforvaltaren i Vestland
Høyringsmøte Balestrand	Mars	FAU ved barnehagar og skular/oppvekstsenter
Høyringsmøte Leikanger	Mars	FAU ved barnehagar og skular/oppvekstsenter
Høyringsmøte Sogndal	Mars	FAU ved barnehagar og skular/oppvekstsenter
Høyringsmøte Kaupanger	Mars	FAU ved barnehagar og skular/oppvekstsenter
Høyringsfrist	4.april	Høyringsperioden er sett til 6 veker
Administrativ saksførebuing	Før 17. april	Dato for utsending av sak er 17. april
Sak i utval for levekår	24. april	
Sak i formannskapet	25. april	
Slutthandsaming i kommunestyret	23. mai	

#### **4. Konklusjon**

Målet er at Sogndalsskulen skal vere ein fagleg sterk skule med høg kvalitet, eit godt læringsmiljø, berekraftig økonomi og eit likeverdig fagleg tilbod.

Kommunedirektøren tilrår difor at ein sender følgjande framlegg til skulekretsar på høyring:

<b>Skulekretsar i Sogndal kommune</b>	<b>Skular</b>
Balestrand	– Sagatun skule – Fjordtun oppvekstsenter
Leikanger	– Leikanger barneskule – Leikanger ungdomsskule
Sogndal	– Trudvang skule – Kvåle skule – Norane oppvekstsenter – Fjærland oppvekstsenter
Kaupanger	– Kaupanger skule